

HERØY ROTARYKLUBB. LITT OM FØREBUINGSARBEID OG OPPSTART TIDLEG PÅ 60-TALET.

Heilt i byrjinga på 60-talet tok nokre interesserte menn i Fosnavåg til å snakke om å starte rotaryklubb i Herøy, og skal ein døme etter arkivert korrespondanse, var Idar Voldnes den sentrale pådrivaren i denne fasen. Idar Voldnes var disponent i den kjende sildeforedlingsbedrifta Gerh. Voldnes A.S., sjølv hjørnesteinsbedrifta i Fosnavåg og Herøy i den tida.

3. november 1962 hadde Sunnmørsposten følgjande oppslag:

”Planer om ny Rotary-klubb for Eggesbønes og Fosnavåg. Guvernøren på rundreise til klubbene på Sunnmøre”

Den gongen var landet inndelt i kun 3 rotarydistrikt, og dåverande guvernør for distrikt 127, oberst Asbjørn Vik frå Narvik, hadde ansvaret for klubbane i eit distrikt som strekte seg frå Sunnmøre i sør og heilt til grensa til Sovjetsamveldet i nordaust.

På Sunnmøre var det den gongen 5 klubbar: Ålesund (1929), Volda og Ørsta (Begge starta i april 1953), Sykkylven (1956) og Stranda (1959).

På besøksrunda si til Sunnmøre tok altså guvernør Vik turen til Fosnavåg med tanke på å få i gang ein klubb i Herøy.

Med på turen til Fosnavåg var presidenten i Ålesund RK, rektor Severin Fløistad, sekretæren i klubben, Nils Fredrik Nilsen, politimeister H. Holmsen og konsul Karsten Larsen.

Rektor Fløistad passerte 100 år i 2012, og var framleis god form. Han var aktiv som bridgespelar, og han køyrde framleis bil.

Vestlandsnytt kunne 6.november melde om stor interesse mellom dei 15 som møtte fram til orienteringsmøte om Rotary på Vestvang kafé.

Men guvernøren meinte at målsetjinga måtte vere 26 chartermedlemer, så skipingsmøte kunne det ikkje bli i denne omgang.

Idar Voldnes visste å smi medan jernet var varmt, og av eit svarbrev til han frå guvernør Vik, dagsett 25/11-62, går det fram at tilstrekkeleg mange då var registrerte og klassifiserte, og at lista var send over til president Fløistad i Ålesund RK.

Guvernør Vik skreiv vidare:

”Jeg er spent på hvordan det går med dere, og vilde sette stor pris på noen ord. Jeg festet meg meget ved Deres uttrykk at det ikke var noe annet å ta seg til enn arbeide og sove, og jeg er så enig i at en Rotaryklubb ville være svar på en mengde ennå uuttalte spørsmål”.

Men tida var tydelegvis ennå ikkje heilt moden. Sjølv om interessa nå var tend hos ein del potensielle rotarianarar, var det for mange som fekk ”kalde føter” og trekte seg.

Ein av grunnane til det var utan tvil kravet om frammøte, for fleire av dei som var spurde, hadde sitt arbeid på sjøen og var heimanfrå i lange bolkar.

Neste brev til Ålesund rotaryklubb var datert 24.april 1964 og hadde også Idar Voldnes sin signatur::

”Vil med dette gi et lite livstegn fra oss i Fosnavåg. Vi har slett ikke gitt opp håpet om å greie å få i gang Rotary-klubb her.

Ved juletider hadde vi faktisk nok navn, men vi var klar over at 3 stk. skulle skifte bopel og dermed står vi fortsatt på stedet marsj. Håper vi snart får vår egen klubb.”

(Uttrykket **på stedet marsj** tyder på aktivitet og pågangsmot, sjølv om Idar nok tykte at det gjekk for tregt).

Same året(1964) flytta Idar Voldnes til Honningsvåg for å gå inn som disponent for Voldnesfirmaet sin sildoljefabrikk der.

Då vart banksjef Alf Woldsund i Sunnmøre Kreditbank sitt avdelingskontor i Fosnavåg den nye nøkkelmanen for å få til ein rotaryklubb i Herøy.

Sentral i dette arbeidet vart også distriktsguvernøren i rotaryåret 1965/66, konsul Karsten Larsen frå Ålesund.

Karsten Larsen tok del på eit nytt orienteringsmøte om Rotary på Vestvang i Fosnavåg den 22.september 1965. Der vart det oppnemnt eit arbeidsutval på tre mann: Magnus Berge, Severin Skorpen og Alf Woldsund. Dei fekk til oppgåve å finne representantar for minst 20 klassifikasjonar, og så kalle inn til nytt møte i oktober.

Dette møtet vart halde den 12.oktober. 18 interesserte møtte fram, og etter ein kort diskusjon vedtok dei samrøystes å starte ein klubb.

Dei valde også eit førebels styre med følgjande samansetjing:

President:	Magnus Berge
Visepresident:	Kolbjørn Jacobsen
Sekretær:	Alf Woldsund
Kasserar:	Knut Nærø
Styremedl.	Emil Røsås
	Bård Vikanes.

Dei vedtok også at det heretter skulle haldast møte kvar torsdag kl.19:00.

Dermed var Herøy rotaryklubb i realiteten i gang, og den første presidenten, Magnus Berge, står i rotarymatrikkelen oppført for både 1965/66 og 1966/67..

Det lukkast å motivere nok medlemmer til å fylle dei nødvendige klassifikasjonane, og etter kvart kom også godkjenninga.

I guvernørens månedsbrev for 12.mars 1966 skreiv Karsten Larsen :

”HERØY ROTARYKLUBB. Jeg meddeler hermed at Herøy Rotaryklubb er anerkjent som medlem av Rotary International i styremøte den 12.februar dette år.

Jeg ønsker den 44.de klubb VELKOMMEN I DISTRIKT 127, Herøy Rotaryklubb, hvis President er reder Magnus Berge, Eggesbønes, og sekretær er banksjef Alf Woldsund.

Det gleder meg meget at denne klubb nu er godtatt, der er et utmerket miljø for Rotary i klubbens distrikt, og jeg håper og tror at medlemmene vil få glede av sin klubb. HJERTELIG VELKOMMEN!

Ålesund Rotaryklubb er fadderklubb og jeg gratulerer med resultatet. Jeg venter snart ytterligere en klubb på Sunnmøre.”

Klubben som guvernøren hadde i tankane, var tydelegvis Brattvåg rotaryklubb. Denne klubben fekk også sitt charterbrev i 1966.

Karsten Larsen var sjølvsagt til stades på klubben sin charterfest, og han var også ein kjær gjest i klubben mange gonger opp gjennom åra.

Steinar Åheim